

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 10/2008

2013/EØS/73/27

av 8. januar 2008

om gjennomføring av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 458/2007 om det europeiske systemet for integrerte statistikker over sosial tryggleik (ESSPROS) med omsyn til definisjonar for og nærmare klassifisering og ajourføring av reglane for spreing i samband med det grunnleggjande ESSPROS-systemet og modulen om pensjonsmottakarar(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 458/2007 av 25. april 2007 om det europeiske systemet for integrerte statistikker over sosial tryggleik (ESSPROS)⁽¹⁾, særleg artikkel 7 nr. 1 og artikkel 7 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Ved forordning (EF) nr. 458/2007 er det fastsett ei metodologisk ramme som skal nyttast ved utarbeiding av statistikker som kan jamførast og er til nytte for Fellesskapet, og fristar for innsending og spreing av statistikker som er utarbeidde i samsvar med ESSPROS.
- 2) I medhald av artikkel 7 nr. 3 i forordning (EF) nr. 458/2007 skal det vedtakast gjennomføringstiltak som gjeld den nærmare klassifiseringa av data som er omfatta, definisjonane som skal nyttast og ajourføringa av reglane

for spreing av det grunnleggjande ESSPROS-systemet og modulen om pensjonsmottakarar.

- 3) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegnane frå Utvalet for statistikkprogrammet —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Dei gjennomføringstiltaka som krevst i medhald av artikkel 7 nr. 3 i forordning (EF) nr. 458/2007 med omsyn til det grunnleggjande ESSPROS-systemet (for kvantitative data og kvalitative opplysningar etter ordningar og einskilde ytingar) og med omsyn til modulen om pensjonsmottakarar, er fastsette i vedlegg I og II.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 8. januar 2008.

For Kommisjonen

Joaquín ALMUNIA

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjord i EUT L 5 av 9.1.2008, s. 3, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 92/2008 av 4. juli 2008 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 64, 23.10.2008, s. 25.

(1) TEU L 113 av 30.4.2007, s. 3.

VEDLEGG 1

DEFINISJONAR

1. **DEFINISJONAR FOR DET GRUNNLEGGJANDE ESSPROS-SYSTEMET**
- 1.1. GRUPPEINDELING AV ORDNINGAR: KRITERIUM SOM ORDNINGAR FOR SOSIAL TRYGGLEIK SKAL KLASSIFISERAST ETTER
 - 1.1.1. **Avgjerdsomt**

«Avgjerdsomt» viser til den eininga som tek dei viktigaste avgjerdene, dvs. om storleiken på ytingane, vilkåra for utbetaling og finansieringa av ordninga. Ordningane kan vere offentlege eller ikkje-offentlege.
 - 1.1.2. **Rettsleg grunnlag**

«Rettsleg grunnlag» viser til det regelverket som er fastsett for personar som har rett til medlemskap i ordninga. Medlemskapet i ei ordning for sosial tryggleik kan vere obligatorisk eller frivillig.
 - 1.1.3. **Fastsetjing av rettar**

«Fastsetjing av rettar» viser til grunnlaget for korleis ein person har rett til ytingar, dvs. om ytingane er avhengige av innbetaling av premiar eller ikkje.
 - 1.1.4. **Verkeområdet for ordninga**

«Verkeområdet for ordninga» viser til den delen av folkesetnaden som er verna (heile folkesetnaden, alle eller størsteparten av arbeidstakarane eller særlege delar av folkesetnaden).
 - 1.1.5. **Verneniå**

«Verneniå» viser til om ordningane for sosial tryggleik tilbyr eit grunnleggjande eller utfyllande verneniå.
- 1.2. INNTEKTER KNYTTE TIL ORDNINGAR FOR SOSIAL TRYGGLEIK
 - 1.2.1. «Trygde- og pensjonspremiar» tyder dei utgiftene som arbeidsgjevarane har på vegner av arbeidstakarane sine, eller som personar som har rett til ytingar, har for å sikre retten sin til stønad.
 - 1.2.2. «Tilskot frå offentleg forvaltning» tyder dei utgiftene som den offentlege forvaltninga har til drift av offentlege ordningar som ikkje er avgiftsbaserte, og til økonomisk støtte frå den offentlege forvaltninga til andre innanlandske ordningar for sosial tryggleik.
 - 1.2.3. «Overføringar frå andre ordningar» tyder utbetalingar utan vederlag som vert mottekne frå andre ordningar for sosial tryggleik. Desse omfattar trygde- og pensjonspremiar som vert overførde frå andre ordningar.
 - 1.2.4. «Andre inntekter» tyder ymse løpande inntekter frå ordningar for sosial tryggleik.
- 1.3. UTGIFTER KNYTTE TIL ORDNINGAR FOR SOSIAL TRYGGLEIK
 - 1.3.1. **Funksjonar**

Funksjonen til ei ordning for sosial tryggleik svarar til dei viktigaste føremåla for sosial tryggleik, utan omsyn til regelverk eller institusjonelle føresegner.

 - 1.3.1.1. Sjukdom/helseteneste

Trygging av inntekt og stønad i form av kontantyttingar i samband med fysisk eller psykisk sjukdom, bortsett frå funksjonshemming. Helsetenestene tek sikte på å halde ved lag, bøte på eller betre helsa til personar som har rett til ytingar, utan omsyn til kva som er opphavet til helseproblemet.
 - 1.3.1.2. Funksjonshemming

Trygging av inntekt og stønad i form av kontant- eller naturalyttingar (bortsett frå helsetenester) i samband med at fysisk eller psykisk funksjonshemma personar har nedsett evne til å ta del i økonomisk og sosial verksemd.

1.3.1.3. Alderdom

Trygging av inntekt og stønad i form av kontant- eller naturalytingar (bortsett frå helsetenester) i samband med alderdom.

1.3.1.4. Status som etterlaten

Trygging av inntekt og stønad i form av kontant- eller naturalytingar i samband med at eit familiemedlem dør.

1.3.1.5. Familie/barn

Stønad i form av kontant- eller naturalytingar (bortsett frå helsetenester) i samband med utgifter ved graviditet, fødsel og adopsjon, omsorg for barn og pleie av andre familiemedlemmer.

1.3.1.6. Arbeidsløse

Trygging av inntekt og stønad i form av kontant- eller naturalytingar i samband med arbeidsløse.

1.3.1.7. Bustad

Støtte til utgifter i samband med bustad.

1.3.1.8. Sosial utstøying (ikkje nemnt andre stader)

Stønad i form av kontant- eller naturalytingar (bortsett frå helsetenester) som særleg er meinte for å motkjempe sosial utstøying, og som ikkje er omfatta av ein av dei andre funksjonane.

1.3.2. Ytingar knytte til sosial tryggleik

1.3.2.1. «Kontantyting» tyder ei yting som vert utbetalt i kontantar, utan at det er noko krav om at mottakarane må leggje fram dokumentasjon for dei faktiske utgiftene sine.

1.3.2.2. «Naturalytingar» tyder ytingar som vert tildelte i form av varer og tenester. Desse kan ytast i form av refusjonar, eller direkte.

1.3.2.3. «Stønader med behovsprøving» tyder stønader som uttrykkeleg eller underforstått er avhengige av at inntekta og/eller formuen til stønadmottakaren ligg under eit fastsett nivå.

1.3.3. «Administrasjonsutgifter» tyder utgifter som er knytte til leiinga og forvaltinga av ordninga.

1.3.4. «Overføringar til andre ordningar» tyder utbetalingar utan vederlag som vert betalte til andre ordningar for sosial tryggleik. Desse omfattar trygde- og pensjonspremiar som vert overførde til andre ordningar.

1.3.5. «Andre utgifter» tyder ulike utgifter i samband med ordningar for sosial tryggleik (betaling av formuesinntekt og andre utgifter).

2. DEFINISJONAR FOR MODULEN OM PENSJONSMOTTAKARAR

2.1. PENSJONSMOTTAKARAR

Talet på mottakarar i kvar fase kan definerast som talet på personar som mottek minst éin pensjon av dei sju kategoriane i ESSPROS:

- uførepensjon,
- førtidspensjon på grunn av nedsett arbeidsevne,
- alderspensjon,
- førtidspensjon,
- delpensjon,
- etterlatnepensjon
- førtidspensjon som er knytt til tilhøve på arbeidsmarknaden.

Ein person som mottek fleire enn éin pensjon, vert talt berre éin gong (talet på mottakarar utan dobbeltteljing).

- 2.1.1. «Uførepensjon» tyder periodiske utbetalingar som er meinte for å tryggje eller utfylle inntekta til personar som er under lovfesta/normal pensjonsalder, slik det er fastsett i referanseordninga, og som har ei funksjonshemming som gjev nedsett evne til å arbeide eller ha inntekt over eit minstenivå som er fastsett ved lovgeving.
- 2.1.2. «Førtidspensjon på grunn av nedsett arbeidsevne» tyder periodiske utbetalingar til eldre arbeidstakarar som går av med pensjon før dei oppnår lovfesta/normal pensjonsalder, slik det er fastsett i referanseordninga, som følgje av nedsett arbeidsevne.
- 2.1.3. «Alderspensjon» tyder periodiske utbetalingar som er meinte for i) å tryggje inntekta til mottakaren etter at han/ho har slutta i inntektsgevande arbeid ved lovfesta/normal pensjonsalder, eller ii) å utfylle inntekta til eldre personar (bortsett frå kortvarig stonad).
- 2.1.4. «Førtidspensjon» tyder periodiske utbetalingar som er meinte for å tryggje inntekta til mottakarar som går av med pensjon før dei oppnår lovfesta/normal pensjonsalder, slik det er fastsett i den gjeldande ordninga.
- 2.1.5. «Delpensjon» tyder periodiske utbetalingar av ein del av den samla alderspensjonen til eldre arbeidstakarar som held fram med å arbeide, men som reduserer arbeidstida eller har ei inntekt frå yrkesverksemd som ligg under ei fastsett grense.
- 2.1.6. «Etterlatnepensjon» tyder periodiske utbetalingar til personar med rett til stonad som følgje av tilhøvet deira til ein avdød person som er omfatta av ordninga (enkjer, enkjemenn, foreldreause o.l.).
- 2.1.7. «Førtidspensjon som er knytt til tilhøve på arbeidsmarknaden» tyder periodiske utbetalingar til eldre arbeidstakarar som går av med pensjon før dei oppnår lovfesta/normal pensjonsalder på grunn av arbeidsløyse eller nedskjeringar i arbeidslivet som følgje av økonomiske tiltak, t.d. omstrukturering i ein industri- eller handelssektor.

2.2. LOVFESTA/NORMAL PENSJONSALDER FOR YTINGAR VED ALDER

«Lovfesta pensjonsalder for ytingar ved alder» tyder alderen då ytingar ved alder kan utbetalast, dersom dette er fastsett ved lovgeving eller avtale. Denne alderen kan variere både mellom statar og innanfor medlemsstatane, alt etter verksemdssektor, yrke, kjønn osv.

Dersom det ikkje finst nokon lovfesta pensjonsalder, skal det nyttast ein normal pensjonsalder, dvs. den pensjonsalderen som gjeld innanfor den ordninga som betalar ut pensjonen til mottakaren.

3. REFERANSEHANDBOK

Dei nærmare definisjonane som skal nyttast ved bruk av denne forordninga, er fastsette i ESSPROS-handboka, som er utarbeidd av Europakommisjonen i samarbeid med medlemsstatane.

VEDLEGG 2

NÆRMARE KLASSIFISERING

1. KLASSIFISERING AV ORDNINGAR OG AV KVANTITATIVE DATA (MEDREKNA INNTEKTER, UTGIFTER OG YTINGAR ETTER FUNKSJON) SOM ER OMFATTA AV DET GRUNNLEGGJANDE ESSPROS-SYSTEMET

1.1 KLASSIFISERING AV ORDNINGAR (kvalitative opplysningar)

Kriterium: Avgjerdsrett

Offentlege ordningar

Ikkje-offentlege ordningar

Kriterium: Rettsleg grunnlag

Obligatoriske ordningar

Frivillige ordningar

Kriterium: Fastsetjing av rettar

Avgiftsbaserte ordningar

Ikkje-avgiftsbaserte ordningar

Kriterium: Verkeområde

Universelle ordningar

Allmenne ordningar

Særlege ordningar

Kriterium: Vernnivå

Grunnleggjande ordningar

Tilleggsordningar

1.2. KLASSIFISERING AV KVANTITATIVE DATA

Den fullstendige nærmare klassifiseringa som skal nyttast på obligatoriske data som skal sendast over til Eurostat, er fastsett i ESSPROS-handboka, som er utarbeidd av Europakommisjonen i samarbeid med medlemsstatane. Denne nærmare klassifiseringa er samla på første nivå i klassifiseringa nedanfor.

1.2.1. **Inntekter**

I det grunnleggjande ESSPROS-systemet er inntekter frå ordningar for sosial tryggleik klassifiserte etter type og opphav. *Typen* opplyser om kva slags innbetaling det dreier seg om eller kva som er årsaka til innbetalinga: trygde- og pensjonspremiar, tilskot frå offentleg forvaltning, overføringar frå andre ordningar og andre inntekter.

1.2.1.1. *Inntekter etter type*

Samla inntekter

Trygde- og pensjonspremiar

Trygde- og pensjonspremiar som er innbetalte av arbeidsgjevarane

Trygde- og pensjonspremiar som er innbetalte av personar som har rett til ytingar

Tilskot frå offentleg forvaltning

Øyremerkte skattar og avgifter

Allmenne inntekter

Overføringar frå andre ordningar

Trygde- og pensjonspremiar som vert overførde frå andre ordningar

Andre overføringar frå andre innanlandske ordningar

Andre inntekter

Formuesinntekt

Andre inntekter

1.2.1.2. *Inntekter etter opphav*

Opphavet opplyser om den institusjonelle sektoren som innbetalinga vert motteken frå.

Klassifiseringa av dei institusjonelle sektorane som inntektene frå ordningar for sosial tryggleik har opphav i, er den same som er nytta i nasjonalrekneskapan (ENS 95).

Føretak

Sentralstyresmakt

Regional og lokal styresmakt

Trygdeforvaltningar

Hushald

Ideelle organisasjonar

Utlandet

1.2.2. Utgifter

Utgiftene i samband med ordningar for sosial tryggleik er klassifiserte etter type, med opplysningar om kva slags utgifter det dreier seg om eller kva som er årsaka til utgiftene: ytingar knytte til sosial tryggleik, administrasjonsutgifter, overføringar til andre ordningar og andre utgifter.

Ytingar knytte til sosial tryggleik er delte inn i ytingar med og utan behovsprøving. Klassifiseringa av ytingar knytte til sosial tryggleik inneheld endå ei inndeling mellom kontantyttingar (i form av ei periodisk utbetaling eller ein eingongssum) og naturalytingar. Dessutan vert det nytta ei meir detaljert klassifisering der postane er inndelte etter om dei er relevante berre for éin av eller ei avgrensa mengd av dei funksjonane som er førde opp i del 1.2.3. Denne meir detaljerte klassifiseringa er definert i ESSPROS-handboka.

Samla utgifter

Ytingar knytte til sosial tryggleik

Ytingar knytte til sosial tryggleik, utan behovsprøving

Kontantyttingar, utan behovsprøving

Periodiske kontantyttingar, utan behovsprøving

Eingongsyttingar i kontantar, utan behovsprøving

Naturalytingar, utan behovsprøving

Ytingar knytte til sosial tryggleik, med behovsprøving

Kontantyttingar, med behovsprøving

Periodiske kontantyttingar, med behovsprøving

Eingongsyttingar i kontantar, med behovsprøving

Naturalytingar, med behovsprøving

Administrasjonsutgifter

Overføringar til andre ordningar

Trygde- og pensjonspremiar som vert overførde til andre ordningar

Andre overføringar til andre innanlandske ordningar

Andre utgifter

1.2.3. Ytingar etter funksjon

Klassifiseringa etter funksjon er som følgjer:

Sjukdom/helseteneste

Funksjonshemming

Alderdom

Status som etterlaten

Familie/barn

Arbeidsløyse

Bustad

Sosial utstøying (ikkje nemnt andre stader)

2. NÆRMARE KLASSIFISERING AV PENSJONSMOTTAKARAR**2.1. DATA**

Samla tal på pensjonsmottakarar utan dobbeltteljing

Samla tal på pensjonsmottakarar (funksjonshemming) utan dobbeltteljing

Samla tal på mottakarar av *uførepensjon* utan dobbeltteljing

Samla tal på mottakarar av *førtidspensjon på grunn av nedsett arbeidsevne* utan dobbeltteljing

Samla tal på mottakarar av *uførepensjon (utan behovsprøving)* utan dobbeltteljing

Samla tal på mottakarar av *førtidspensjon på grunn av nedsett arbeidsevne (utan behovsprøving)* utan dobbeltteljing

Samla tal på mottakarar av *uførepensjon (med behovsprøving)* utan dobbeltteljing

Samla tal på mottakarar av *førtidspensjon på grunn av nedsett arbeidsevne (med behovsprøving)* utan dobbeltteljing

Samla tal på pensjonsmottakarar (alderspensjon og etterlatnepensjon) utan dobbeltteljing

Samla tal på pensjonsmottakarar (alderdom) utan dobbeltteljing

Samla tal på mottakarar av *alderspensjon* utan dobbeltteljing

Samla tal på mottakarar av *førtidspensjon* utan dobbeltteljing

Samla tal på mottakarar av *delpensjon* utan dobbeltteljing

Samla tal på mottakarar av *alderspensjon (utan behovsprøving)* utan dobbeltteljing

Samla tal på mottakarar av *førtidspensjon (utan behovsprøving)* utan dobbeltteljing

Samla tal på mottakarar av *delpensjon (utan behovsprøving)* utan dobbeltteljing

Samla tal på mottakarar av *alderspensjon (med behovsprøving)* utan dobbeltteljing

Samla tal på mottakarar av *førtidspensjon (med behovsprøving)* utan dobbeltteljing

Samla tal på mottakarar av *delpensjon (med behovsprøving)* utan dobbeltteljing

Samla tal på pensjonsmottakarar (status som etterlaten) utan dobbeltteljing

Samla tal på mottakarar av *etterlatnepensjon (utan behovsprøving)* utan dobbeltteljing

Samla tal på mottakarar av *etterlatnepensjon (med behovsprøving)* utan dobbeltteljing

Samla tal på pensjonsmottakarar (arbeidsløyse) utan dobbeltteljing

Samla tal på mottakarar av førtidspensjon som er knytt til tilhøve på arbeidsmarknaden (utan behovsprøving) utan dobbeltteljing

Samla tal på mottakarar av førtidspensjon som er knytt til tilhøve på arbeidsmarknaden (med behovsprøving) utan dobbeltteljing

2.2. TILLEGGSSOPPLYSNINGAR

Lovfesta eller normal pensjonsalder etter kjønn og etter ordning

Referansedato/utrekningmetode etter ordning

VEDLEGG 3

AJOURFØRING AV REGLANE FOR SPREIING

1. **AJOURFØRING AV REGLANE FOR SPREIING I SAMBAND MED DET GRUNNLEGGJANDE ESSPROS-SYSTEMET**
 - 1.1. AJOURFØRING AV REGLANE FOR SPREIING AV KVANTITATIVE DATA ETTER GRUPPEINDELING AV ORDNINGAR
 - 1.1.1. **Gruppeinndeling av ordningar etter kriterium**

Visse brukarar vil få løyve til å offentleggjere data etter gruppeinndeling av ordningar i samsvar med den ESSPROS-klassifiseringa av ordningar som er definert ved kriteria i del 1.1 (Gruppeinndeling av ordningar) i vedlegg 1.
 - 1.1.2. **Data etter ordningar**

Visse brukarar vil få løyve til å offentleggjere data etter ordningar eller etter grupper av ordningar for dei statane som ikkje gjev uttrykkjeleg samtykke til fullstendig spreieing av omsyn til krav om fortruleg handsaming. Gruppene av ordningar må vere i samsvar med dei reglane for spreieing som er fastsette av kvar einskild medlemsstat som det gjeld.
 - 1.2. AJOURFØRING AV REGLANE FOR SPREIING AV KVALITATIVE OPPLYSNINGAR ETTER ORDNING OG ETTER KVAR EINSKILD YTING

Eurostat vil få løyve til å offentleggjere kvalitative opplysningar etter ordning og etter kvar einskild yting, med den støtta som er føremålstenleg.
2. **AJOURFØRING AV REGLANE FOR SPREIING AV DATA OM PENSJONSMOTTAKARAR**
 - 2.1. AGGREGAT AV KATEGORiar I SAMSVAR MED ESSPROS-KLASSIFISERINGA AV PENSJONSMOTTAKARAR

Visse brukarar vil få løyve til å offentleggjere data om dei sju pensjonskategoriane og for aggregat av kategoriar i samsvar med ESSPROS-klassifiseringa av pensjonsmottakarar i del 2 (Nærmare klassifisering av pensjonsmottakarar) i vedlegg 2.

Visse brukarar vil òg få løyve til å offentleggjere inndelinga mellom mottakarar av ytingar med og utan behovsprøving, i samsvar med ESSPROS-klassifiseringa av pensjonsmottakarar i del 2 (Nærmare klassifisering av pensjonsmottakarar) i vedlegg 2.
 - 2.2. DATA ETTER ORDNINGAR

Visse brukarar vil få løyve til å offentleggjere data etter ordningar eller etter grupper av ordningar for dei statane som ikkje gjev uttrykkjeleg samtykke til fullstendig spreieing av omsyn til krav om fortruleg handsaming. Gruppene av ordningar må vere i samsvar med dei reglane for spreieing som er fastsette av kvar einskild medlemsstat som det gjeld.